

## **Valkomiteens behovsanalyse for styreperioden frå april 2022**

I samsvar med instruksen for valkomiteen har valkomiteen utferda dette dokumentet som grunnlag for arbeidet fram mot landsmøtet i april 2022. Ved sida av valnemndas eigne inntrykk og erfaringar byggjer behovsanalysen blant anna på innspel innhenta frå medlemmane i det sitjande styret.

### **Amnesty International og Amnesty International Norge**

Amnesty International er den største menneskerettsorganisasjonen i verda, med omlag 8 millionar støttespelarar, medlemmar og aktivistar i 150 land. Den norske seksjonen har om lag 100 000 medlemmar og støttespelarar. Av desse er om lag 62 000 medlemmar med fulle demokratiske rettar i organisasjonen. Vidare har den norske seksjonen om lag 70 fast tilsette, fordelt på eit hovudkontor og fem regionkontor. Amnesty tek av prinsipielle årsaker ikkje imot statsstøtte.

### **Oppgåver for styret i Amnesty International Norge**

Styret er det øvste organet i Amnesty International Norge mellom landsmøta, og har dermed det overordna ansvaret for all aktivitet i den norske seksjonen. Dette inneber at styret må ha kompetanse til å handtere spørsmål knytt til menneskerettspolitikk og -strategi, organisasjon og økonomi. Styret må ha kompetanse og kapasitet til sjølv å fastsetje planar, strategiar, budsjett med meir, og til å føre tilsyn med korleis slike vedtak vert følgde opp i sekretariatet og andre delar av rørsela. Styret må vidare ha god kjennskap til det frivillige arbeidet i seksjonen, og vere i stand til å kommunisere godt med medlemmane. Styret må også ha kompetanse til å forvalte arbeidsgjevaransvaret for generalsekretæren og det overordna ansvaret for arbeidstilhøva for dei andre tilsette i den norske seksjonen. Det er også ein fordel om styremedlemmar har nettverk og kontaktar som kan bidra til å styrke Amnesty si emne til å påverke politiske og andre prosessar i Noreg.

Det norske styret representerer den norske seksjonen i ei rekke organ og prosessar i den globale delen av Amnesty-rørsla. Mellom anna peikar styret ut dei norske representantane til det øvste internasjonale organet i Amnesty International; Global Forum. Styret deltek også i handsaminga av ei rekke globale prosessar knytt til spørsmål om menneskerettar, organisasjon og økonomi. Styret må ha fagleg kompetanse, språkkunnskap og kapasitet til å delta i desse prosessane.

### **Valkomiteen sine prioriteringar for komande styreperiode**

På landsmøtet i 2021 vedtok Amnesty International Noreg ny strategi. Styret må ha kompetanse til å utforme forslag til og implementere den nye strategien og andre strategiske initiativ i den komande perioden

Det er viktig at styret i den norske seksjonen samla sett har den forståinga og erfaringa som er naudsyt for å ivareta Amnesty International Norge sine interesser i den internasjonale rørsla, og til å drive internasjonal nettverksbygging. Styret bør dermed ha god internasjonal erfaring frå Amnesty sin organisasjon, andre frivillige organisasjonar og næringslivet.

Økonomistyring og å skaffe inntekter er alltid ei av dei viktigaste oppgåvene for eit styre. Her ligg det òg eit stort og formelt ansvar. Styret må ha tilstrekkeleg kompetanse på dette området. Det er også viktig at styret samla sett har tilstrekkeleg kompetanse på menneskerettar frå ein eller fleire faglege ståstadar.

Det er ønskeleg at styret speglar mangfaldet i det norske samfunnet, mellom anna med omsyn til kjønn, alder, geografi, etnisitet og religion.

I komande styreperiode er det å vente at politiske prosessar i Noreg og internasjonalt kan utfordre menneskerettane. Styret må ha kunne vere i stand til å plassere organisasjonen i dette landskapet. Noreg har også nyleg fått ny regjering, og kompetanse på politisk nettverksbygging kan vere viktig i den komande periode.

Ei av Amnesty sine sterke sider er styrken som ligg i aktivistleddet i ulike delar av befolkninga over heile landet. Styret bør ha ei samansetning som gjer at ein ser dette potensialet og har nettverk og praktisk erfaring til å skape og ivareta engasjementet. Dei siste to åra med pandemi har, og er

framleis, ei stor utfordring for aktivismen og frivilligheita, noko som synleggjer viktigheita av denne forma for kompetanse.

Vidare er det særleg viktig å sikre kontinuitet i styret, og at opparbeida kunnskap og erfaringar ikkje vert tapt.

### **Kva valkomiteen vil leggje vekt på i arbeidet med framlegg til styre**

Valkomiteen vil leggje vekt på erfarings- og kompetansebehov for eit samla styre. Det vil seie at ein styremedlem ikkje treng ha all kompetanse som er naudsynt for handsaminga av alle saker. Styret skal vere breitt og mangfaldig samansett.

Eit samla styre bør ha denne erfaringa og kompetansen:

- ❖ Amnesty-erfaring – frå lokale, nasjonale og internasjonale oppgåver
- ❖ Menneskerettskunnskap – både med juridisk og samfunnsfagleg vinkling og frå etisk/filosofisk synsstad.
- ❖ Erfaring med menneskerettsarbeid, til dømes undervisning i menneskerettar og handsaming av menneskerettsbrot
- ❖ Erfaring frå andre medlemsbaserte organisasjonar og frivilligheit – lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- ❖ Erfaring med styrearbeid – særleg nasjonale styre i medlemsbaserte organisasjonar
- ❖ Erfaring med økonomistyring – gjerne på nasjonalt nivå i medlemsbaserte organisasjonar
- ❖ Erfaring med marknadsføring og teknologiutvikling – gjerne på nasjonalt nivå i medlemsbaserte organisasjonar, eller frå større bedrifter eller offentlege organisasjonar
- ❖ Erfaring med innsamling/fundraising i større medlemsbaserte organisasjonar
- ❖ Nettverk som kan bidra til å fremje Amnestys arbeid internasjonalt og nasjonalt
- ❖ Erfaring med strategiutvikling – frå medlemsbaserte organisasjonar eller større bedrifter/offentlege organisasjonar
- ❖ Evne til å setje seg inn i store saksmengder på kort tid
- ❖ Språkkunnskap

Utover dette legg valkomiteen vekt på at styremedlemmane har tilstrekkeleg arbeidskapasitet til å ivareta styreværet. Eit tilstrekkeleg tal av styremedlemmane må ha høve til å delta i prosessar i Amnesty utover sjølvé styremøta.